



**ALVER**  
KOMMUNE

# Vedlegg 1

Tiltakslister fysiske tiltak  
langs vegnettet i Alver  
kommune



## Merknad til tiltakslistene

Merknad til punkta er ei opplisting av kva som pågår og kva som er ferdigstilt. Dette er ikkje ei prioritering av tiltak. Listene er direkte trekt ut frå dei 3 tidlegare kommunane sine planar og er meint som eit oversyn over tiltaka i dei 3 samanslåingskommunane sine tidlegare tiltakslistar. Bokstavane i parantes viser til historisk kommune, (L)-Lindås, (M)-Meland, (R)-Radøy.

I tillegg ligg politisk sak 048/2018 - Revidering av handlingsplan i trafikkisikringsplan 2014-2020 for Radøy etter merknadene.

### Riksveg

| Referansenr | Merknad   |
|-------------|---|
| RI06 (L)    | Tiltaket med å byggje undergang for kryssing av E39 er del av prosjekt med etablering av oval rundkøyning på E39 gjennom Knarvik. Etter plan er dette punktet utført i perioden for denne temaplan. |
| RD01 (L)    | Heile krysset vert nytt i samband med etablering av oval rundkøyning på E39 gjennom Knarvik. Etter plan er dette punktet utført i perioden for denne temaplan.                                      |
| RD02 (L)    | Krysset har fått ny merking   |

### Fylkesveg

| Referansenr | Merknad   |
|-------------|---|
| FI03 (L)    | Nytt punkt under delvis utført: Kryss ved Sjøvold er utbetra 2019.  |
| FI01-01 (L) | Prosjektering av strekninga «Kvamsbrekko» pågår. Gang- og sykkelveg og trafikkisikring av Kvamsbrekko er eit av prosjekta som er spelt inn i samband statsbudsjett 2021.  |
| FI04 (L)    | Fortau frå Kleivdalsvegen til Apalen kappell – teikningar ligg hos fylket til godkjenning. Planlagt oppstart 2021.  |
| FI05 (L)    | Det er utført mindre breiddeutviding på Eidsnesvegen i samband med tømme-transport.   |
| FI13B (L)   | Delvis utført – ny kryssløysing med fortau og tilrettelagt overgang i Sjøvoldkrysset. Gjenstår fortau frå Sjøvold til Strilatun.  |
| FI14 (L)    | Vestland fylkeskommune utarbeider plan for innstramming av krysset og betre sikt mellom fylkesveg og kommunal veg opp mot skulen. Ligg inne å betre kryssingspunkt for mjuke trafikkantar på fv. Planlagt oppstart i 2021.  |
| FI17B (L)   | Deler av strekket er sikra fortau som rekkefølgekra til pågåande byggeprosjekt.   |
| FD03 (L)    | Krysset har fått ny merking   |
| F01 (M)     | Fv 244 Sagstadvegen - Detaljregulering fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244 skal opp til 2. gongs handsaming og godkjenning haust 2020.<br>Vegbelysning er etablert i perioden.<br>Gang- og sykkelveg mellom Frekhaug og Sagstad skule er eit av prosjekta som er spelt inn i samband handlingsprogram 2021-2024 gjennom Byvekstavtalen. |
| F02 (M)     | Redusert fartsgrense på Fv 564 Rosslandsvegen, Hjertås-Orrhøyen. Vurdert av Statens vegvesen og det er ikkje funne grunnlag for 60-sone.  |
| F05 (M)     | Gangfelt ved busstopp Fossesjøen til Fosse er ikkje bygd. Denne må sjåast på i samband med tiltak for utbetring av Ådlandsvegen i Nordhordlandspakken.  |



## Fylkesveg forts.

| Referansnr        | Merknad   |
|-------------------|---|
| F06 (M)           | Utført. Rekkverk langs mindre del av Fv 285 Ådlandsvegen, ca hp1 m8330  |
| F07 (M)           | Vurdert, men ikkje midlar i perioden  |
| F08 (M)           | Vurdert, men ikkje midlar i perioden  |
| Mindre tiltak (R) |   |
| Pri 1             | Kryssing av hovudveg mellom gangvegssystem Urhaug/Langhøyane pågår/utført   |
| Pri 3             | Fartsreducerande tiltak og skilting Austebygd skule   |
| Større tiltak (R) |   |
| Pri 2             | Veglys Halland – Manger utført  |
| Pri 7             | Hordabø skule-idrettsbana: gang- og sykkelveg. Tatt ut av handlingsplan (ps 048/2018)   |
| Pri 8             | <b>Dale grendahus:</b> Vurdere trafikktilhøve for barnehage. Tiltak tatt ut fordi barnehagen vert flytta til Solhall (Manger) (ps 048/2018) |
| Pri 10            | Rekkverk og kantar er delvis utbetra  |
| Pri 12            | Fortau i tråd med reg.plan fram til Rema krysset. Liten del mot ny rundkøyring gjenstår.  |

## Kommunal veg

| Referansnr        | Merknad  |
|-------------------|--|
| KI01 (L)          | Veg opp til skulen har fått eit løft. Dette punktet vil bli vurdert i områdekartlegging av Leknes skulekrins, planlagt oppstart prosjekt haust 2020                          |
| KI08 (L)          | Veg på strekninga Strupane-Tveitegrend vart utbetra 2018.  |
| KI14 (L)          | Utbetra fortau og kryssingspunkt i samband med nye Knarvik terminal. Vidare endring kjem i samband med bygging av oval rundkøyring og nytt kryss frå E39 mot Knarvik senter. |
| K01 (M)           | 2 fartshumpar er etablert  |
| K05 (M)           | Her er det fartshumpar   |
| K06 (M)           | Siktzone løypetona med fortau begge sider ferdig . Snarveg Holtermannsvegen er ferdig.   |
| K07 (M)           | Arbeid med vegutviding og fortau pågår. Planlagt ferdigstilt <b>xx.xx.xx</b>   |
| K09 (M)           | Ny veg på strekninga under utarbeiding i samband med nytt renseanlegg  |
| K10 (M)           | Søknad om midlar til rekkverk inne til behandling gjennom fylkeskommunal ordning om tilskudd til mindre trafikksikringstiltak.   |
| K11 (M)           | Hjertåsvegen – utført desember 2019.   |
| Mindre tiltak (R) |  |
| Pri 1             | Nordbøvegen - Fortau og veglys etablert  |
| Pri 2             | Utført – merking og veglys   |
| Pri 3             | Utført – Veglys  |
| Pri 4             | Utført – Veglys  |
| Pri 5             | Utført – vurdere ulike tiltak  |
| Pri 6             | Utført - Fartshumpar   |
| Pri 7             | Fartshumpar Smedbrekka – Urhaug, svingete, smalt og med mange avkøyrslar - lite eigna for fartshumpar.   |
| Større tiltak (R) |  |
| Pri 1             | Ny innkøyrslar og parkering for Bø barnehage – utgår og vert etablert i samsvar med godkjent reguleringsplan for Bø Barnehage og skule.                                      |
| Pri 2             | Manger skule – Parkering og av/på stiging ferdig   |



| Referansenr       | Merknad                             |
|-------------------|-------------------------------------|
| Større tiltak (R) |                                     |
| Pri 5             | Sikringsarbeid Sævdal utført        |
| Pri 8             | Punkt utgår – barnehagen er nedlagt |

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 048/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 13.12.2018 |

| Sakshandsamar       | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|---------------------|--------------|--------------|
| Lisbeth Toppe Alvær | 18/1109      | 18/17832     |

## Revidering av handlingsplan i trafikksikringsplan 2014-2020

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Gjeldande trafikksikringsplan for Radøy kommune er utarbeidd som ein kommunedelplan for perioden 2014-2020. Planen er eit styringsverktøy som dannar grunnlag for prioriteringar for trafikksikring i kommunen. Målet er å bidra til å redusere tal, omfang og alvorsgrad på trafikkkulykker. Trafikksikringsplanen er også ein føresetnad for å kunne søkje stønad til planlegging og gjennomføring av trafikksikringstiltak i kommunen.

Gjeldande trafikksikringsplan vart vedteke av kommunestyret 28.04.15, og det er tid for å revidere handlingsdelen i planen. Revisjonen er avgrensa til å oppdatere handlingsplan, gjennom å ta ut gjennomførte tiltak og legge til nye prioriteringar. Hovudvekt er lagt på handlingsplanen for fysiske trafikksikringstiltak. Årsaka er at tiltaksplanen for ikkje-fysiske tiltak og haldningsskapande arbeid etter rådmannen si vurdering er relativt oppdatert.

Oppstart av arbeid med å revidere handlingsplanen har vore kunngjort i brev til lag og organisasjonar 26.04.18, på nettsida, på facebook og i lokalavisane 20.02.18. Innspela som kom inn er handsama og vurdert av arbeidsgruppe nedsett av rådmannen, og prioriteringane er gjort på bakgrunn av kriterier og mål i eksisterande plan.

#### Vurdering

#### Fysiske tiltak

#### Større tiltak, fylkesveggar

Evaluering av handlingsplanen viser at dei prioriterte, fysiske trafikksikringstiltaka på fylkesvegane i kommunen i liten grad er utført. Prioriteringslista i gjeldande plan er utarbeidd etter ein grundig medverknadsprosess. Rådmannen rår til at eksisterande liste over større tiltak på fylkesveg i hovudsak vert oppretthalde, men med mindre endringar i prioritering, og nokre nye tiltak.

- Pri. 12) **Manger: (fortau) Hesthaugen-Manger kyrkje** vert prioritert høgare på lista som ein følgje av at etablering av matvarebutikk genererer meir trafikk og gåande i området. Fortau kan også betre siktsituasjonen mot sør.
- Pri. 6) **Hellandskryset:** utbetring prioritert opp på lista basert på busstopp med skulebarn og stor trafikk.
- Pri. 10) **Heile kommunen: rekkverk og kantar.** Tiltaket er flytta til «mindre tiltak,

fylkesvegar» og omfattar både kartlegging og utbetring.

I tillegg er følgjande tiltak lagt inn:

- **Div. asfaltering:** t.d. parti Gradnatun-Rossneset/Haukåsen

### Mindre tiltak, fylkesvegar

Eit av dei fire mindre tiltaka på fylkesvegar i handlingsplanen er utført, og tatt ut av lista. Dette gjeld følgjande tiltak:

#### 2) **Hordabø skule:** fyller inn veglys.

Prioritering nr 1) Urhaug/Langhøyane er oppretthalde. SVV har tilrettelagt for fotgjengarovergang, men ikkje etablert dette.

Det er i tillegg lagt inn følgjande tiltak: vurdering av nedsett fartsgrense på dette strekket.

Prioritering Austebygd skule: fartsreduserande tiltak og betre skilting «skule» ligg framleis i handlingsplanen, sjølv om det er gjennomført fartsreduserande tiltak. Det gjenstår skilting av området ved skulen.

Følgjande tiltak er lagt til handlingsplanen for mindre tiltak, fylkesvegar:

- **Austmarka:** Permanent nedsett fartsgrense (60 km/t) forbi Austmarka, evt. til Storheimstø. Auka trafikk og aktivitet som følgje av butikketablering skapar farlege situasjonar.
- **Manger sør:** Forlenge 40-sona forbi eksisterande bensinstasjon ved Solendmyra, på bakgrunn av utviding av barnehage og mjuke trafikantar som nyttar tilbodet ved Helsehuset.
- **Mangersholmene:** Flytte oppheva 50-sone til etter badeplass.
- **Veglys** i området ved busshaldeplassar der det er skulebarn. Tiltak i påvente av større veglystiltak, t.d. Sævdal, Solend, Skjenet (Hella). Lista er ikkje uttømmende, og i tråd med prioriteringa av veglys langs skuleveg i gjeldande trafikksikringsplan.
- **FV 409:** Vurdere behov for trafikksikringstiltak på strekninga mellom krysset Radøyvegen-Solendvegen og 3-400 m nordover.
- **Solvang ungdomshus:** Vurdere trafikksikringstiltak. Uoversiktleg utkjørsel i sving.

### Større tiltak, kommunale vegar

Når det gjeld dei større tiltaka på kommunale vegar, er det gjort fleire endringar i handlingsplanen. Dette skuldast delvis at tiltak ikkje lenger er aktuelle, eller at dei er utført. Vidare er nokre tiltak på lista overført til prioriteringslista for fylkesveg.

Følgjande tiltak er tatt ut av handlingsplanen:

- 1) **Bø:** ny innkjørsel og parkering for barnehage. Tiltaket vert ivaretatt gjennom ny reguleringsplan og bygging av ny barnehage.
- 2) **Manger skule:** ny parkering og av/påstigning. Tiltaket er utført.
- 7) **Hordabø skule-idrettsbana:** gang- og sykkelveg. Tiltaket står på tiltaksplan for

fylkesvegar (større tiltak).

8) **Dale grendahus:** Vurdere trafikktilhøve for barnehage. Tiltaket vert mindre aktuelt, fordi barnehagen vert flytta til Solhall (Manger).

Følgjande tiltak er flytta til handlingsplan for fylkeskommunale vegar:

6) **Mjøs/Straume/Soltveit og Austebygd skule:** utbetring.

Følgjande tiltak er lagt til i handlingsplanen:

- **Radøyhallen/Grønålen:** Iverksetting av trafiksikringstiltak i området ved Radøyhallen opp til busshaldeplass i tråd med tilrådingar frå Norconsult (2018).
- **Sæbø barnehage/skule:** Utbetring av parkeringstilhøva mm. ved Sæbø barnehage/skule i tråd med Norconsult (2018) si vurdering av trafikktryggleik ved barnehagen/skulen. Tiltaket er flytta frå prioriteringslista for mindre tiltak.
- **Manger sentrum sør:** Heilskapleg vurdering av trafikksituasjon og tiltak i området ved Helsehuset/Solhall.
- **Trævegen:** Lyssetting av vegen medfører auka bruk av Trævegen. Fjerning av trær bør sjåast i samanheng med fare for ras, og mogleg er det behov for bistand til dette.

#### Mindre tiltak, kommunale vegar

Følgjande tiltak er utført, og derfor tatt ut av handlingsplanen for mindre tiltak på kommunale vegar:

1. **Nordbøvegen:** fortau og veglys.
2. **Prestmarkvegen:** fartshumpar.

Det er lagt til mindre tiltak i handlingsplanen:

- **Manger sentrum sør:** Fotgjengarfelt som bind saman gangveg langs fylkesveg ved Solhall/Helsehuset.
- **Trævegen:** sikringstiltak på brua i Trævegen, då muren har blitt svært låg etter asfaltering.
- **Austmarka:** Skilting, evt. fysisk regulering av interne gangvegar i byggefelt. Fleire felt kan vere aktuelle.

Følgjande tiltak er flytta:

- **Manger-Birkeland:** veglys. Er flytta til prioriteringsliste for større tiltak på fylkeveg, og lagt inn under punktet Manger-Bø: gang-, sykkelveg og veglys.

#### Ikkje-fysiske tiltak (kunnskap og haldning)

Handlingsplanen for ikkje-fysiske tiltak i trafiksikringsarbeidet er generelt utforma, og bør spesifiserast i dei årlege handlingsplanane for dei ulike tenestene. Følgjande tiltak er tatt ut av handlingsplanen fordi det er utført:

## 2. Skuleskys: vurdering av særordninga for skuleskys.

### Konklusjon

Revidering av handlingsplanen i gjeldande trafiksikringsplan styrkar planen som styringsverktøy, og dannar grunnlag for prioriteringar og søknad om tilskot. Det er ikkje gjort vesentlege endringer i tiltaksplan for ikkje-fysiske tiltak. Større og meir omfattande strategisk arbeid med trafiksikringsarbeidet vert lagt til Alver kommune.

### Handsaming i hovudutvalet 3. desember

Hovudutvalet handsama saka på møte 3. desember.

#### Utvalet gjorde følgjande endringsframlegg:

*Revidering av handlingsplan i trafiksikringsplan for 2014-20 vert vedteken med endringar som går fram av følgjande prioriteringsliste:*

#### TILTAKSLISTE, FYSISKE TILTAK

##### Større tiltak, fylkesvegar

| Pri | Stad                          | Tiltak   | Førebuing                   | Merknad                                 |
|-----|-------------------------------|--|-----------------------------|---|
| 1   | Kalneset til Sæbø             | Ny gang- og sykkelveg  | Regulering.                 |   |
| 2   | Hesthaugen-Manger kyrkje      | Fortau   | I tråd med reguleringsplan. |   |
| 3   | Hellandskryssset              | Utbetring  |                             |   |
| 4   | Marås-Solend                  | Veglys   |                             |   |
| 5   | Hordabø skule- idrettsbana    | Gang/sykkelveg   | Kommunedelplan Bø.          |   |
| 6   | Manger-Bø                     | Gang, sykkelveg og veglys  |                             | Herunder veglys Manger-Birkeland.       |
| 7   | Gradnatunkryssset             | Kryssutbetring og fortau   |                             |   |
| 8   | Manger-Solend                 | Gang og sykkelveg  |                             |   |
| 9   | Toskavegen Manger - badeplass | Gang og sykkelveg  | Reguleringsplan.            |   |
| 10  | Div. strekk                   | Asfaltering  |                             | T.d. parti Gradnatun-Rossneset/Haukåsen |
| 11  | Turstiar/friluftsområde       | Heilskapleg vurdering av behov for parkering ved etablerte turstier og friluftsområder i kommunen. |                             |   |

##### Mindre tiltak, fylkesvegar

| Pri | Stad              | Tiltak   | Førebuing | Merknad |
|-----|-------------------|--|-----------|---------|
| 1   | Urhaug/Langhøyane | Tilrettelegging for kryssing av hovudveg. Vurdere nedsett fartsgrense. |           |         |
| 2   | Austebygd         | Skilting.  |           |         |



|    |                               |   |  |   |
|----|-------------------------------|---|--|---|
| 3  | Sævdal, Solend, Skjenet m.fl. | Veglys omkring busshaldeplassar der det er skulebarn.                           |  | Lista er ikkje uttømmende.  |
| 4  | Austmarka                     | Permanent nedsett fartsgrense til 60 km/t forbi Austmarka, evt til Storheimstø. |  |   |
| 5  | Manger sentrum (sør)          | Forlengje 40-sona mot sør i Manger sentrum.                                     |  | Forlengje 40-sona forbi eksisterande bensin-stasjon ved Solendmyra. |
| 6  | Mangersholmane                | Flytte oppheva 50-sone til etter badeplass ved Mangersholmane.                  |  |   |
| 7  | Stølane, Austebygd            | Flytte busshaldeplass   |  |   |
| 8  | Stølane, Austebygd            | Utbetring av sving  |  |   |
| 9  | Rossnesvegen 100              | Vegutbetring -sving/møteplass   |  |   |
| 10 | FV 409                        | Vurdere behov for trafikksikringstiltak.  |  | Strekk frå krysset Solendvegen/Radøy-vegen og 3-400 m nordover.     |
| 11 | Solvang ungdomshus            | Vurdere behov for trafikksikringstiltak.  |  | Uoversiktleg utkjørsel i sving.                                     |
| 12 | Heile kommunen                | Kartlegging og utbetring av rekkverk og kantar.                                 |  |   |

#### Større tiltak – kommunale vegar

| Pri | Stad                                  | Tiltak  | Førebuing                           | Merknad  |
|-----|---------------------------------------|---|-------------------------------------|--|
| 1   | Området omkring Radøyhallen/ Grønålen | Iverksette trafikksikringstiltak i tråd med tilråding frå Norconsult.                 |                                     | Tiltak må sjåast i samanheng med turvegen som vert etablert i same område. |
| 2   | Sæbø barnehage/skule                  | Iverksette trafikksikringstiltak i tråd med tilråding frå Norconsult.                 | Tiltaka er ferdig prosjektert.      |  |
| 3   | Manger sentrum sør                    | Heilskapleg vurdering av trafikksituasjon og tiltak i området ved Helsehuset/Solhall. | Reguleringsplanarbeid pågår (2018). | Avvente til ferdigstilling av ny barnehage.                                |
| 4   | Mangersneset                          | Utbetring veg, gang og sykkelveg.   | Reguleringsplan.                    |  |
| 5   | Manger sentrum                        | Ny skysstasjon  | Revisjon av reguleringsplan.        |  |
| 6   | Sævdal                                | Sikringsarbeid. Høge skjæringar.  |                                     |  |

#### Mindre tiltak – kommunale vegar

| Pri | Stad                     | Tiltak  | Førebuing | Merknad   |
|-----|--------------------------|---|-----------|---|
| 1   | Manger sentrum sør       | Fotgjengerfelt  |           | Fotgjengarfelt som bind saman gangveg langs fylkesvegen ved innkjøring til Helsehus/Solhall b. hage |
| 2   | Manger sentrum           | Oppattmerking og veglys   |           |   |
| 3   | Trævegen                 | Sikringstiltak på brua.   |           | Muren har vorte svært låg etter asfaltering.  |
| 4   | Austmarka                | Skilting og evt. fysisk regulering av gangvegar i byggefeltet.                                    |           | Kan vere aktuelt i fleire bustadfelt.   |
| 5   | Turstier/friluftsområder | Heilskapleg vurdering av behov for parkering ved etablerte turstiar og friluftsområde i kommunen. |           | Manglande tilrette-legging kan redusere trafikktryggleik.   |

|   |                   |   |  |  |
|---|-------------------|---|--|--|
| 6 | Smedbrekka-Urhaug | Vurdere behov for trafikkisikringstiltak.       |  |  |
| 7 | Heile kommunen    | Kartlegging og utbetring av rekkverk og kantar. |  |  |

### Hovudutvalet si innstilling til kommunestyret:

Revidering av handlingsplan i trafikkisikringsplan for 2014-20 vert vedteken i samsvar med prioriteringslista ovanfor.

### **Kommunestyret i Radøy - 048/2018**

#### **KS - handsaming:**

Leif Taule (SP) sette fram følgjande tilleggsframlegg SP, AP og KrF:

Mindre tiltak - fylkesvegar

Nr 9 - Trafikkisikring Hordabø skule - vurderer fleire fartshumpar, betre sikt i busslomma og fjerna bergnabb på sør/austsida vis á vis "Puben".

Kommunestyret vedtok hovudutvalet si tilråding med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

#### **KS - vedtak:**

Revidering av handlingsplan i trafikkisikringsplan for 2014-20 vert vedteken i samsvar med prioriteringslista ovanfor, med følgjande tillegg:

Mindre tiltak - fylkesvegar

Nr 9 - Trafikkisikring Hordabø skule - vurderer fleire fartshumpar, betre sikt i busslomma og fjerna bergnabb på sør/austsida vis á vis "Puben".

#### **Vedlegg:**

1. Revidert tiltaksplan trafikkisikring 301118(201260) (L)(201300)
- 2 Trafikkisikringsplan\_revisjon 2015\_vedteke i KS(201261) (L)(201301)
- 3 Innspel til trafikkisikringsplan (L)(170342)
- 4 Fylkesveg 709 - Manger - ønske om utbetring (L)(170903)
- 5 Innspel trafikkisikringsplan (L)(174289)
- 6 Innspel til trafikkisikringsplan (L)(175974)
- 7 Innspel frå Risnes Grendalag (L)(175797)
- 8 Innspel til trafikkisikringsplanen. Handlingsdelen. (L)(175975)
- 9 Innspel til trafikkisikringsplan (L)(176396)
- 10 PrioriteringVeglys1983 (L)(176197)
- 11 Spørsmål Spørjetimen 21092017 (L)(176196)
- 12 Innspel til Trafikkisikringsplan 2014 - 2020 (L)(176397)
- 13 Trafikkisikringsplan Solvang (L)(176399)
- 14 Redusert fartsgrense vegen om Mangervågen (L)(179409)
- 15 Trafikk i Helsehus- og Solhallområdet (L)(200806)
- 16 Trafikkisikringsplan innspel (L)(201307)
- 17 Rullering av handlingsdel i trafikkis(201246) (L)(201302)
- 18 Rapport trafikkisikring Norconsult (L)(201259)

## 5.2 Forslag til tiltak på riksvegnettet (E39)

Statens vegvesen er ansvarleg for riksvegane i Lindås kommune. Dei set med midlane for å få gjennomført tiltak på desse vegane. I Lindås er det ein riksveg, E39.

### 5.2.1 Investeringstiltak

#### *Overordna prioritering – kostnadsramme over 100 millionar – uprioritert rekkefølge*

Referansenr.:

RI01

---

**Strekning/stad:** Knarvik – Romarheim

**Grunngjeving:** Strekninga har mange stygge kryss med høg fart, dårleg sikt og manglande svingefelt. Nokre eigedommar har direkte avkøyning på E 39. Heile strekninga må vurderast under eitt før utbetringar vert gjort. Samstundes må plassering og tilgang til busslommer langs vegen sjåast på.

**Tiltak:** Utarbeide heilskapleg plan for strekninga.  
Avkøyrlesanering.  
Samanhengande gang og sykkelveg på strekninga.  
Deretter prioritere driftstiltak og investeringstiltak.

**Delvis utført:** Sommar 2016 etablert 70-sone på heile strekninga mellom Gjervik og nord for Ostereidet.  
Hjelmåskrysset vert utbetra i 2016.  
Fleire nye strekk med veglys langs E-39 i 2016 og 2017.

**Planar:** Det pågår planarbeid for ny E39 gjennom Lindås kommune.  
Det pågår reguleringsplanarbeid for utbetring av Molvikrysset.

**Ref.nr. førre plan:** 111

---

---

**Referansenr.:** |

|             |                            |  |
|-------------|----------------------------|--|
| <b>RI02</b> | <b>Strekning/stad:</b>     | E39 - Kontinuerlig gang- og sykkelveg  |
|             | <b>Grunngjeving:</b>       | Manglande gang-/sykkelveg på somme strekningar:<br>1 - Mundalsberg tunnelen-Leiknes Smal og mørk tunnel<br>2 – Vikane - Eikanger<br>3 – Bjørsvik - Andås |
|             | <b>Tiltak:</b>             | 1 – Utviding av tunnel og gang-/sykkelveg på heile strekninga.<br>2 – Gang-/sykkelveg<br>3 – Gang-/sykkelveg   |
|             | <b>Planar:</b>             |  |
|             | <b>Ref.nr. førre plan:</b> | 110  |

---

**Øvrig prioritering - kostnadsramme under 100 millionar – uprioritert rekkefølge**

---

**Referansenr.:** |

|                            |                        |  |
|----------------------------|------------------------|--|
| <b>RI03</b>                | <b>Strekning/stad:</b> | E 39, Molvikkrysset  |
|                            | <b>Innspel:</b>        |  |
|                            | <b>Grunngjeving:</b>   | Dårleg sikt i begge retningar i krysset, spesielt mot nord. Manglar venstresvingefelt. |
|                            | <b>Tiltak:</b>         | Omlagging av krysset, felles påkopling med krysset til Bjørsvik.                       |
|                            | <b>Planar:</b>         | Det pågår reguleringsplanarbeid for utbetring av Molvikkrysset.                        |
| <b>Ref.nr. førre plan:</b> | 112                    |  |

---

|             |                            |  |
|-------------|----------------------------|--|
| <b>RI05</b> | <b>Strekning/stad:</b>     | E 39, kryss med Lonsvegen                                      |
|             | <b>Grunngjeving:</b>       | Venstresvingande trafikk frå E 39 hindrar trafikkflyt på E 39. |
|             | <b>Tiltak:</b>             | Venstresvingefelt på E 39.                                     |
|             | <b>Ref.nr. førre plan:</b> | 115  |

---

---

**Referansenr.:** |

---

**RI06**

**Strekning/stad:** E39 – Overgang frå gangveg til Stallane  
**Innspel:** Må krysse E-39 for å komme til gangfelt eller g/s veg.  
Behov for fortau eller g/s-veg og undergang slik reguleringsplan viser.  
**Grunngjeving:** Mange kryssar her for raskaste veg til kyrkje, idrettsanlegg, skule og fortau vidare til sentrum.  
**Tiltak:** Må sjåast i samanheng med ny E39 gjennom Knarvik.  
**Planar:** Ligg på reguleringsplan for Knarvik - Knarvik sentrum – områdeplan  
Knarvik sentrum (del av) med utviding mot aust

---

**RI07**

**Strekning/stad:** E39 – Kryss til Leknes  
**Innspel:** For kort strekning for å seinke fart før avkøyring.  
Farlege forbikøyringar i sving.  
**Grunngjeving:** Busslomma vert brukt som avkøyringsfelt.  
Skapar farlege situasjonar i krysset og stygge forbikøyringar i sving.  
**Tiltak:** Vurdere krysset.  
Flytte busslomma til motsett side av kryss  
Utforme «gammal» busslomme til avkøyringsfelt.  
**Planar:**

---

---

*Øvrig prioritering – kostnadsramme under 1 million - uprioritert rekkefølge***Referansenr.:**

---

**RI04**

**Strekning/stad:** E 39, kryss til Ostereidet senter  
**Grunngjeving:** Tette kryss og rotete trafikkbilete. Vanskeleg situasjon for alle trafikantar.  
**Tiltak:** Reguleringsplan for betring av trafikksituasjonen.  
**Planar:** Områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - oppstartsmøte mars 2015.  
**Ref.nr. førre plan:** 114

---

*Veglys***Stader langs E-39 som er prioritert belyst i løpet av 2017:**

- |               |            |                 |            |
|---------------|------------|-----------------|------------|
| ✓ Sauvågen    | ✓ Bjørsvik | ✓ Litle Eikefet | ✓ Vikanes  |
| ✓ Eikangervåg | ✓ Andås    | ✓ Utnes         | ✓ Vikasund |
| ✓ Ostereidet  | ✓ Eikefet  | ✓ Midtnes       |            |

## 5.2.2 Driftstiltak

### *Kostnadsramme under 1 million – uprioritert rekkefølge*

**Referansenr.:**

---

|             |                            |   |
|-------------|----------------------------|---|
| <b>RD01</b> | <b>Strekning/stad:</b>     | Gangfelt i kryss E39 – Kvasnesvegen v/Shell   |
|             | <b>Grunngjeving:</b>       | Uoversiktleg kryssing for fotgjengarar.<br>Må sjåast i samanheng med utbygging av andre kryss på strekninga.<br>Kortsiktige tiltak er aktuelle, desse må vurderast. |
|             | <b>Tiltak:</b>             | Vurdere situasjonen nærare. Kva alternativ har ein for å betre situasjonen i gangfeltet?  |
|             | <b>Ref.nr. førre plan:</b> | 101   |

---

|                            |                            |  |
|----------------------------|----------------------------|--|
| <b>RD02</b>                | <b>Strekning/stad:</b>     | E 39, kryss til Ostereidet senter  |
|                            | <b>Grunngjeving:</b>       | Tette kryss og rotete trafikkbilete. Vanskeleg situasjon for alle trafikantar. |
|                            | <b>Midlertidig tiltak:</b> | Merke for å synleggjere trafikkbildet og betre flyten i og mellom kryssa.      |
|                            | <b>Planar:</b>             | Områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - oppstartsmøte mars 2015.        |
| <b>Ref.nr. førre plan:</b> | 114                        |  |

---

### 5.3 Forslag til tiltak på fylkesvegnettet

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for fylkesvegane i Hordaland. Dei set med midlane for å få gjennomført tiltak på desse vegane. Det er pr. 01.01.2016 ca. 206 km med fylkesvegar i Lindås kommune.

#### 5.3.1 Investeringstiltak

##### *Overordna prioritering - kostnadsramme over 50 millionar - prioritert rekkefølge*

| Prioritet: | Referansenr.: |   |
|------------|---------------|---|
| 1          | FI03          | <p><b>Strekning/stad:</b> Fv 402 Lurevegen</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Smal og stygg vegstrekning. Skuleveg.</p> <p><b>Tiltak:</b> Utbetring av strekninga.</p> <p><b>Deltiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Strekningsvise utbetringar - frå Strilatun og utover til kryss fv 404.</li> <li>• Gang- og sykkelveg/fortau frå fv57 til Seim skule</li> <li>• Forlange fortau frå barnehagen til Strilatun.</li> <li>• Tilbod til mjuke trafikantar på strekninga.</li> </ul> <p><b>Delvis utført:</b> Siktutbetring i kurve ved Stokke bru - utført haust 2016.</p> <p><b>Rapport:</b> Rapport over punktvisе utbetringar på fv 402 utarbeida i 2011.</p> <p><b>Ref.nr. førre plan:</b> 231</p> |
| 2          | FI10          | <p><b>Strekning/stad:</b> Fv 565, Hilland – Remme</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Utrygg skuleveg.</p> <p>Manglande tilbod for mjuke trafikantar, dårlege busslommer.</p> <p><b>Tiltak:</b> Gang- og sykkelveg og planskilt kryssing etter Reg. Plan</p> <p><b>Planar:</b> Rv 565 Hilland Alver straumen (1999) - Ekspropriasjonsrett fell bort.</p> <p><b>Ref.nr. førre plan:</b> 223</p>  |



**Prioritet:****Referansenr.:****3****FI01****Strekning/stad:** Fv 404 Skarsvegen frå Alversund og utover**Grunngjeving:** Mange innspel på dette strekket.

Viktig å oppretthalde fokus på strekninga og samlar ulike deltiltak i eiga gruppe.

**Tiltak:** Setje i gang arbeid ut frå reguleringsplan Parsell Kvamme.

Ha fokus på og ikkje gi dispensasjon for rekkefylgjekrav ved nye utbyggingar.

**Deltiltak:**

- Vurdere veglys på strekninga Kvamme - ytre Fosse
- Gang- og sykkelveg/fortau på strekninga.  
Forleng eksisterande utover for å dekke 4km-sona.
- Spesielle problempunkt:
  - Utbetre strekninga frå toppen av «Kvamsbrekko» ned til «gamlebutikken»
  - Utbetre sving etter bautastein etter ungdomshuset.
  - Utbetre strekninga frå bedehuset til indre Fosse
- Vurdere rekkverk på strekningar med låge kantmurar for å hindre utforkøyningar.
- Betre busstopp ved bedehuset på indre Fosse
- Utbetre kryss på Tofting, vegkryss mot Lygra.  
Midlertidig sett opp skilt med varsel om uoversiktleg kryss 2016.
- Vurdere forlenging av 40-sone til der gang- og sykkelveg byter side på Tveiten

**Planar:** Reguleringsplan: Fv 404 Parsell Kvamme – til kryss ved veg til Fossevatnet.**Ref.nr. førre plan:** 215 og 228**4****FI16****Strekning/stad:** Fv 397, E 39 - Eikanger**Grunngjeving:** Smal veg med høg trafikk.**Tiltak:** Fortau og møteplassar**Planar:****Ref.nr. førre plan:** 237

---

| <b>Prioritet:</b> | <b>Referansenr.:</b> |  |
|-------------------|----------------------|--|
| <b>5</b>          | <b>F120</b>          | <b>Strekning/stad:</b> Ostereidet ungdomsskule - Gamlevegen til Eknes<br><b>Grunngjeving:</b> Dårlig vegstandard.<br><b>Tiltak:</b> Vegutbetring med fortau.<br>Utvida krysset.<br><b>Planar:</b> Pågår områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - starta 2015<br><b>Ref.nr. førre plan:</b> 242                     |
| <b>6</b>          | <b>F115</b>          | <b>Strekning/stad:</b> Fv 395 - Hindenesvegen-Bjørge<br><b>Grunngjeving:</b> Smal og dårleg veg.<br><b>Tiltak:</b> Utbetring av vegen, delvis omlegging.<br><b>Planar:</b> Deler av strekninga. Fv. 395 Bjørndal - Hindenes, Parsell Vatshelle (2001) - Ekspropriasjonsrett fell bort.<br><b>Ref.nr. førre plan:</b> 236 |

---

*Øvrig prioritering - kostnadsramme mellom 10 og 50 millionar – prioritert rekkefølge*

| Prioritet: | Referansenr.: |   |
|------------|---------------|---|
| 1          | FI01-01       | <p><b>Strekning/stad:</b> Fv 404, "Kvamsbrekko"</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Smal veg med høg trafikk.</p> <p><b>Tiltak:</b> Fortau / gs-veg i samsvar med reguleringsplan på den del av strekninga som ligg mellom eksisterande gs-veg og butikken. Omtrent mellom Skarsvegen 185 og Skarsvegen 237.</p> <p><b>Kommentar:</b> Delstrekning skilt ut frå punkt FI01 over. Etter objektive målbare kriterie havna denne på 7. plass. Flytta til 1. prioritet etter vedtak i kommunestyret 06.04.2017.</p> <p><b>Planar:</b> Reguleringsplan; Fv 404 Parsell Kvamme – til kryss ved veg til Fossevatnet.</p>   |
| 2          | FI02          | <p><b>Strekning/stad:</b> Fv 401 - Kleivane</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Skuleveg. Stor trafikk, smal veg. Vanskelege terrengetilhøve.</p> <p><b>Tiltak:</b> Vegutviding med fortau eller gang- og sykkelveg</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdere jamn vegbelysning på strekninga frå kryss fv 402 til avkøyring byggefelt Solbakken</li> </ul> <p><b>Deltiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gang- og sykkelveg eller fortau.</li> <li>• Rassikring</li> </ul> <p><b>Kommentar:</b> Etter objektive målbare kriterie havna denne på 1. plass. Flytta til 2. prioritet etter vedtak i kommunestyret 06.04.2017.</p> <p><b>Rapport:</b> Forprosjekt - Fylkesveg 401 Seim. Statens vegvesen 25. september 2012</p> |

| Prioritet: | Referansenr.: |  |
|------------|---------------|--|
| 3          | FI08          | <p><b>Strekning/stad:</b> Fv 394, Lindsdalen</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Trongt kryss med dårleg sikt.</p> <p><b>Tiltak:</b> Sprengje vekk fjellknaus som tek sikt for køyrande til Ostereidet senter.</p> <p><b>Planar:</b> Pågår områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - starta 2015</p> <p><b>Ref.nr. førre plan:</b> 214</p> <p><b>Kommentar:</b> Etter objektive målbare kriterie havna denne på 5. plass.<br/>Flytta til 3. prioritet etter vedtak i kommunestyret 06.04.2017.</p>  |
| 4          | FI19          | <p><b>Strekning/stad:</b> Fv 394, Lindsdalen</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Smal og uoversiktleg veg, manglar fortau.<br/>Trongt kryss for bussar.</p> <p><b>Tiltak:</b> Vegutbetring med fortau.<br/>Utvida krysset.</p> <p><b>Planar:</b> Pågår områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - starta 2015</p> <p><b>Ref.nr. førre plan:</b> 241</p> <p><b>Kommentar:</b> Etter objektive målbare kriterie havna denne på 4. plass.<br/>Plassert til 4. prioritet etter vedtak i kommunestyret 06.04.2017.</p>  |
| 5          | FI22          | <p><b>Strekning/stad:</b> Fv 397, Jordal - Myking</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Uferdig gang- og sykkelveg.</p> <p><b>Kommentar:</b> Dette er ikkje påbegynt gang- og sykkelveg. Sidearealet vart utvida og grusa veg legging av ny vassleidning.</p> <p><b>Tiltak:</b> Legge asfaltdekke på gang- og sykkelveg og rekkverk mot vegen.</p> <p><b>Ref.nr. førre plan:</b> 246</p> <p><b>Kommentar:</b> Etter objektive målbare kriterie havna denne på 2. plass.<br/>Forskjøvet til 5. prioritet etter vedtak om prioritering i kommunestyret 06.04.2017.</p> |

| Prioritet: | Referansenr.: |  |
|------------|---------------|--|
| 6          | FI23          | <p><b>Strekning/stad:</b> Fv 399, Myking - Skauge</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Stadvis smal veg. Dårlig dekke. Mykje gjennomgangstrafikk.</p> <p><b>Tiltak:</b> Strekningsvis utbetring.</p> <p><b>Ref.nr. førre plan:</b> 247</p> <p><b>Strekning/stad:</b> Fv 399, Myking - Skauge</p> <p><b>Kommentar:</b> Etter objektive målbare kriterie havna denne på 3. plass.<br/>Forskjøvet til 6. prioritet etter vedtak om prioritering i kommunestyret 06.04.2017.</p>  |
